



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Mette Hjelmeland	996 400 64	2024/742-2	«REF»	12.03.2024

Retting av grense mellom 98/5 og 98/4

Kommunen har mottatt krav om retting av grense. Kravet gjeld grenselinja mellom 98/5 og 98/4, og er mottatt 04.03.2024. Det partane meiner er rett grense er synt med raud linje i vedlagt kart. Den oransje linje, som delvis går gjennom hage og utestove er feil. Partane vert med dette varsla om ei eventuell føring. Naboeigedommen 96/1 vert ikkje berørt på anna måte enn at eit nytt grensepunkt vert satt inn på eksisterande grenselinje.

Jfr matrikkellovas (ML) § 26 tredje ledd er hovudregelen at opplysningar om grenser berre kan endrast på grunnlag av ny oppmålingsforretning, rettskraftig avgjerdsle av domstolane eller avtale mellom partane når vilkåra for dette er tilstades. Kommunen kan likevel føre slike opplysningar når det blir dokumentert at opplysningane er feil.

Lovheimel; matrikkellova § 26, samt matrikkelforskrift § 10 b.

Kommunen kan føre inn opplysningar om eksisterande grenser og teigar basert på opplysningar frå målebrev, jordskiftekart eller liknande offentlege dokument som gjer greie for grensa på ein etterretteleg måte.

Før kommunen tar stilling til ei eventuell føring vert partane spurde om følgjande:

Er partane kjend med eventuelle seinare rettshandlar som har betydning for føringa?

- Veit partane om det er referert nokon avtale om grensa etter matrikkellova § 19
- Er det allereie matrikkelført ein oppmålingsforretning eller tilsvarande forretning om grensa?

Dersom partane har opplysningar om dette kan dei sendast kommunen innan ein frist på 3 veker.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Mette Hjelmeland
Fagkoordinator geodata

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarar:

Atle Søllesvik

Svein Omvik

Bjørn Anders Martins Sæberg

Natalie Martins Sæberg